

Vokalgruppa Fivil med konsertserie hausten 2016

Vokalgruppa Fivil, som består av kvedarane Ingebjørg Lognvik Reinholdt og Kirsti Bakken Kristiansen, produserte hausten 2015 si første plate med same tittel. Fivil tyder myrull og gruppa tek utgangspunkt i den norske folkemusikken, som tradisjonelt har vorte framført solo. Gruppa Fivil har arrangert melodistoffet for to stemmer. Ved å leike med ulike melodivariantar og individualitet i samspel oppstår det spanande samklanger, noko som framhevar folkemusikken sitt preg, og gjer framføringa til ei ny og spennande oppleving. Melodistoffet vert hovudsakleg henta frå Telemark og Vestoppland.



Om musikarane:

Ingebjørg frå Seljord og Kirsti frå Gjøvik starta det musikalske samarbeidet på Norges Musikkhøgskule hausten 2010. Begge to starta med å lære folkesongar alt då dei var små. Dei har sunge saman lenge og har utvikla eit stort repertoar som rommer alt frå barnesongar, hardingfeleslåttar (der jentene er ein streng kvar) til viser og religiøse folketonar.

Gruppa kan òg stille med julerepertoar i ein førjulskonsert.

Telemark folkemusikksenter tilbyr ein konsert med desse to hausten 2016

Aktuell tid: Frå september til medio desember. Det treng ikkje bli ein samanhengande turne, men kvar arrangør kan ønskje dato som vidare vert klarert med gruppa før endeleg avtale.

Område: Telemark og Agderfylka

Pris: Kr. 5.000,- inkl. reise og diett (prisen er subsidiert av Telemark folkemusikksenter)

Krav til lokale: Ingen spesielle. Dei opptrer gjerne akustisk i lokale som passar for det.

Tinging: Telemark folkemusikksenter tlf. 35 06 06 80 / 901 27 513

Kontaktperson: Kjell Stundal

E-post: telemark@musikk.no

Det vert lagt opp til 5-6 konsertar i serien. Prinsippet «først til mølla» vil gjelde.

